



Strategidokument Varhaug Misjonshus

2011-2013



Strategidokument Varhaug Misjonshus

2010-2015

Innhold

<u>1.Om Varhaug Misjonshus.....</u>	<u>3</u>
<u>1.1.Visjon.....</u>	<u>3</u>
<u>1.2.Oppdrag.....</u>	<u>3</u>
<u>1.3.Ideologi.....</u>	<u>3</u>
<u>1.4.Utfordringar.....</u>	<u>4</u>
<u>1.9.Forvalting av sakramenta.....</u>	<u>4</u>
<u>1.12.Satsing områder.....</u>	<u>4</u>
<u>1.18.Organisering.....</u>	<u>5</u>
<u>1.21.Bruk og bestilling av misjonshuset.....</u>	<u>5</u>

Strategidokument Varhaug Misjonshus

2011-2013

1. Om Varhaug Misjonshus

Varhaug Misjonshus er eit flott anlegg midt i Varhaug sentrum. Misjonshuset har ein ny god møtesal med plass til ca. 500, matsal og kjøkken og ungdomsloftet. I tillegg er det mange mindre rom for aktivitetar som speidar, gutelag osv.

Føremålet med Misjonshuset er ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja sine vedkjenningskrifter og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. Dette er nedfelt i Misjonshuset sine lovar.

Varhaug Misjonshus har ei linje som støttar opp om den lokale kyrkja og sokneråd så lenge prestar og sokneråd har ei læra som er i tråd med Bibelen og dei Lutherske vedkjenningskrifta.

Eigarane av Varhaug Misjonshus, er desse fire organisasjonane:

- Det Norske Misjonsselskap, Varhaug - tilslutta NMS
- Normisjon, Varhaug - tilslutta Normisjon, region Rogaland
- Norsk Luthersk Misjonssamband, Varhaug - tilslutta NLM
- Indremisjonsforbundet Varhaug - tilslutta Indremisjonsforbundet (IMF)

Formannskomiteen lagar strategi dokumentet og får det godkjent av årsmøtet. Dokumentet skal ha ein årleg revisjon.

1.1. Visjon

Fremjing av Guds rike heime og ute og leggja til rette for eit godt og samlande fellesskap

1.2. Oppdrag

- Byggja kristent fellesskap
- Så Guds ord til innbyggjarane på Varhaug
- Driva eit aktivt barne og ungdomsarbeid
- Driva eit aktivt misjonsarbeid

1.3. Ideologi

Alt arbeid på Varhaug misjonshus er forplikta på Bibelen. Forkynninga skal vera tufta på den evangelisk-lutherske læra, slik denne kjem fram gjennom den Apostoliske, den

Nicenske og den Athanasianske truedkjenninga, den Augsburgske vedkjenninga (Confessio Augustana) og Luther sin vesle katekisme. Vidare er ein og forplikta på dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter.

1.4. Utfordringar

- 1.5. Endringar i Den Norske Kyrkja gjer det vanskeleg for mange å ha kyrkja som sin kyrkjelyd
- 1.6. Mange som er aktive på misjonshuset er ikkje medlem i nokon av eigarskapsorganisasjonane
- 1.7. Sekularisering i samfunnet og blant kristne.
- 1.8. Redusert kunnskap om Bibelens lære i det norske samfunnet.

1.9. Forvaltning av sakramenta

Saman med heile den kristne kyrkja har Varhaug misjonshus del i eit heilagt ansvar: å be for kvarandre, og å hjelpa alle truande til å bruka det kristne fellesskapet, bøna, Guds ord og Herrens nattverd, for at vi kan bli hjå Kristus gjennom heile livet, likesom vi ved dåpen vert sameinte med han.

Mellom eigarorganisasjonane på Misjonshuset er det ulikt syn på kven som kan forrette dåp og nattverd, og om denne praksisen er forsamlingsdannande. Me vil saman møta desse utfordringane, og vil arbeida for at ein i gjensidig respekt kan finna fram til løysingar som ikkje verkar splittande.

1.10. Dåp

- Det kan arrangerast dåp på Varhaug Misjonshus dersom dette er i samsvar med misjonshuset sin ideologi og arrangøren har ein organisert handtering av dåpen.
- Varhaug Misjonshus er ikkje ei felles forsamling som arrangerer dåp.

1.11. Nattverd

- Nattverd vert i dag arrangert på Varhaug Misjonshus. Nattverd er eit ope tilbod til dei som ynskjer å få Herrens måltid.
- Vi ønskjer at så mange som mulig skal ta del i Herrens måltid

1.12. Satsing områder

1.13. Bringe evangeliet ut og vinna nye for Kristus

- Væra tilstades på Varhaug Marken, Tenna Julegrana og andre arrangement der vi kan vitna for bygda.
- Oppfordra kvarandre til å invitera med andre

1.14. Byggja eit godt fellesskap

- forkynning og undervisning

- Bruk av årleg tema for misjonshuset
 - Stå samla på tvers av organisasjonane
 - Bruk av nådegåver
 - Oppmuntre og formane
 - Styrkje bruk av bønn
 - Oppfordre til å bruke Herrens nattverd
- 1.15. Lågare terskel for å gå på misjonshuset
- Sjå den enkelte og ta kontakt med nye
- 1.16. Satse vidare på fellesarrangement på Søndagskveldane
- 1.17. Drive aktivt barne og ungdomsarbeid

1.18. Organisering

- 1.19. Varhaug kyrkje er kyrkjelyden på Varhaug
- Varhaug misjonshus er ikkje registrert som ein eigen kyrkjelyd.
- 1.20. Varhaug misjonshus har ikkje ansatte leiarar
- Leiarskapet er tufta på eigarorganisasjonane
 - Det er ein stilling som ungdomsarbeidar


1.21. Bruk og bestilling av misjonshuset

For å være samlande søker vi å vidareføre med fellesarrangement på søndagane og årets tema. Det er to ulike komitear som står bak desse initiativa. Det må fortsett være rom for organisasjonane sitt arbeid på misjonshuset slik at målet om å fremja Guds rike ute vert prioritert. Dette arbeidet vert i hovudsak handtert gjennom organisasjonane, men det kan også verta ein naturleg del av fellesarrangementa. Ein må då finna ein god måte å dele innkomne midlar mellom organisasjonane.

Barne og Ungdomsarbeidet skal ha prioritet til å bruka huset. Det må alltid vera ein ledig sal som kan brukast til kor øvingar og andre faste arrangement.

1.22. **Prosess for å tildela rom på misjonshuset:**

Prioriterte og faste arrangement planlegges for eit år om gongen. Planen vert laga Januar og Februar året før slik at alle som ynskjer det kan bestille frå 1. mars.



1. Misjonshus styret lager og distribuerer ein kalenderplan for neste år basert på kalenderplanen for inneverande år. Denne må sendast ut seinast 14. Januar.
2. Spesielle arrangement - arrangør godkjenner av planen innan 31. Januar
 - Palmesøndag, Normisjon
 - Langfredag, IMF
 - 2.påskedag, NLM
 - 17. Mai fest, felles – fast dato
 - Allehelgenssøndag NMS
 - Julemesser NLM og NMS
 - Synge in jula, felles - formannskomiteen
 - Konfirmasjon, privat – egen tildelingsprosess.

Endringar i denne lista over arrangement må godkjennast av årsmøtet i misjonshuset.

3. Fellesarrangement – arrangør godkjenner planen innan 14. februar.
 - Sondag
 - Fellesaksjonar
4. Eigar organisasjonane bestiller møteveker og arrangement.
5. Ungdomslag og anna ungdomsarbeid har førsteprioritet på ungdomssalen
6. Spesielle hendingar som konfirmasjon har unntak for desse datoane og har eigne fristar.

7. Parallele arrangement i møtesal og matsal/ungdomssal kan godkjennast dersom arrangementa ikkje har same målgruppe.